

# surnadal kulturhus

Salg av billetter i resepsjonen på kulturhuset.

Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00

Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08

Billettsalg på nett: [www.surnadal-kulturhus.no](http://www.surnadal-kulturhus.no)



“VILLMARKSDAG”



“GIVE ME 5”



BJØRN EIDSVÅG



BARNAS KULTURHUSDAG



S U R N A D A L

[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)

Kulturkalenderen – Mars 2011



# På Kino



## TO PÅ RØMMEN (NO.TALE)

Familiefilm | t. 41 min. 7 år

Da kongeriket sin mest etterlyste og mest sjarmerande banditt Flynn Rider skjuler seg i eit mystisk tårn, blir han teke til fange av Rapunzel. Ho er ei vakker og livleg tenåringsjente med over 20 meter langt magisk og gyllent hår. Flynn sin nysgjerrige fangevaktar, prinsesse Rapunzel, vart som baby stole frå foreldra sitt slott. Ho søker ein utveg frå tårnet der ho har vore innestengt i årevis, og går inn i ein avtale med den kjekke tjuven. Knakande god familiefilm frå Disney.



## THE TOURIST

Drama/Thriller | t. 43 min. 11 år

Under ei improvisert reise til Europa for å pleie eit knust hjarte, hamnar Frank (Johnny Depp) uventa opp i eit flørtande møte med Elise (Angelina Jolie), ei ekstraordinær og elegant kvinne som med hensikt har kryssa vegen hans. Mot eit fantastisk bakteppe i form av Paris og Venezia utviklar den hektiske romansen seg raskt, inntil dei finn seg sjølv kasta inn i ein dødeleg katt og mus-leik.



## THE NEXT THREE DAYS

Thriller | 2 t. 13 min. 15 år

Livet smiler til John Brennan (Russell Crowe) heilt til kona hans Laura (Banks) blir arrestert for eit mord ho nektar for å ha gjort. Han er sikker på at ho er uskyldig og at retten vil sette ho fri. Men retten ser berre på bevis og ho blir dømd til 20 år i fengsel. Tre år inn i soninga slit John med å halde familien samla. Han har eineansvar for sonen og ein jobb som krev mykje av han. Samstundes går alle dei resterande kreftene med til å få Laura frikjend. Når alt er som mørkast, når dei siste sjansane for anke forsvinn og kona blir suicidal ser han berre ei løysing: Med alt å tape bestemmer John seg for å få kona ut av fangenskap. Nitidig sett han seg ned for å leggje ei rømmingsplan.

## OMLEGGING TIL DIGITAL KINO

Mot slutten av mars blir kinoen endeleg digitalisert. Det vil seie at det gamle systemet med 35mm film går ut, og at nytt digitalt utstyr kjem på plass. I tillegg blir det installert utstyr for visning av film i 3D og lyden blir noko oppgradert. Vi håpar på ei ny tid for kinoen der vi får langt større tilgong på premierer og større fleksibilitet. Dei fleste kinoane i Noreg er digitalisert allereie, og difor har talet på 35mm-kopiar gått kraftig ned. Dette har vi lidd under den siste tida. Ventetida på kopiar har vore lang og tilgangen på nye titlar har vore liten.

Kinotilbodet i mars blir på grunn av omlegginga lite oversiktleg og vi må kanskje halde stengt i nokre av dei faste kinokveldane. Vi ber om at publikum har forståing og tolmod med oss under omlegginga, og vi ser ikkje bort i frå at vi skal feire omlegginga med mykje digital film i tida rundt opninga. Meir informasjon om kinotilbodet i siste halvdel av mars kjem på nettsidene våre, Facebook og i lokalavisa.

# Kultur rabatt



# Aktivitetar

## 9.3. KAMMERKONSERT MED KULTURSKOLEN PÅ INDRE NORDMØRE.

Kulturskolen inviterer til kammerkonsert i Storstuå. Blås- og tangentseksjonen samarbeider om eit livleg program med samspel og nokre solostykkjer. Her får du høyra alt frå lekne barnesangar til klassiske stykkjer. Fri inngang.

## 12.3. BARNAS KULTURHUSDAG.

Dette blir barnas dag på huset. Kulturhuset samarbeider med Nordmøre Folkehøgskule om aktivitetar for dei minste. Det blir ansiktsmaling, tegning, eventyrstund, lavvo på torget og barneteater. Forfriskningar i form av boller og kakao.

## 19.3. "VILLMARKSDAG"

Surnadal Jeger- og Fiskeforening og kulturhuset samarbeider om ein "Villmarksdag". Det blir natursti med utstoppa dyr og fuglar, utstillingar og salg av utstyr og klær. Ida på hotellet vil servere sin fantastiske viltgryte. Dagen blir avslutta i Storstuå med eventyraren Stein P Aasheim.

*Stein P.Aasheim er nestoren blant norske eventyrarar. Gjennom eit heilt liv har han utfordra naturkrefter i alle delar av verda – og alle høgder over havet.*

*Stein P. deltok på den første norske bestigninga av Mt. Everest, han har padla og gått på ski gjennom Sibir, ridd gjennom Mongolia, sykla gjennom Sahara, kryssa Grønland med Nansens utrustning, segla til Antarktis, padla gjennom Tasmania, gått til fots gjennom Ny Guinea og bestege dei høgste fjella i dei fleste verdsdelar.*

*Foredraget inkluderer også nokre av inntrykkjene frå familiens 12 månader lange opphald i ein liten fangsthytte på Svalbard.*

### Meir enn eksotiske eventyr.

*Stein P. understrekar at kåseriet er meir enn berre eit knippe med eksotiske eventyr, uopnåeleg for alle som ikkje er tiltrekt av ekstremsport. Stein P. har utfordra tilværets grensesoner. Det har gjeve grunnlag for nokre tankar og refleksjonar rundt livet.*

*"Dessutan har eg noko å seia både til våghalsane og barnefamiliane. Eg har kombinert både arenaene i 20 år, seier Stein P.Aasheim."*

### Bonus om du er misfornøgd.

*Gratis guiding opp nordveggen på Romsdalshorn dersom foredraget ikkje gir grunnlag for ettertanke!*

## 23.3. SENIORUNIVERSITETET FOR INDRE NORDMØRE.

Ei uformell gruppe har teke initiativet til å starte eit senioruniversitet for Indre Nordmøre, for kommunane Rindal, Halså og Surnadal. Tanken er å få til 2-3 arrangement i halvåret, for pensjonistar og interreserte elles som er ledig på dagtid, og som samtidig er interreserte i sosialt samvær og utveksling av kunnskap presentert på ein populær måte. Det er ønskeleg å veksle mellom kommunane med arrangementa, men det første møtet blir på kulturhuset i Surnadal 23. mars kl. 11.00. Nærare detaljar om opplegget vil bli gitt i lokalpressa.

## 24.3. "GIVE ME 5" MI FRODE ALNÆS.

For andre året arrangeres "Give me 5" konsert i Storstuå. Dette er eit musikalsk prosjekt med alle 5. klassingane i kommunen. I år tek dei for seg temaet vennskap og toleranse. Som gjesteartist har dei fått med seg ingen ringere enn Frode Alnæs!!!

Konserten blir ei blanding av solo med Frode, kun 5.klassingene, og Frode og elevane i lag. Med scenen full av ungar blir det både stemning og trøkk!!

## 27.3. BJØRN EIDSVÅG M/BAND. "RUNDT NESTE SVING"

"Dette albumet ble unnfanget etter en duell mellom to av de mest markante skikkelsene i norsk musikkliv, Bjørn Eidsvåg og Thomas Dybdahl.

Bjørn gjorde ikke alvor av truslene sine om å kaste inn håndkle da Thomas lagde en låt på norsk, snarere tvert imot. Utfordringen sparket like godt i gang et spennende samarbeid. Resultatet er et nytt album fra Bjørn Eidsvåg, produsert av Thomas Dybdahl. Eidsvåg skrev låter på løpende bånd, og Dybdahl foreledet. De tok det som kom, beholdt det de fant glede i å jobbe med og lot det som ikke trigget dem fare.

Konturene av et lydlandskap og den musikalske stemningen tok form, noe som farget temaene og tekstene. Lyden av banjo, mandolin og tremologitarer skapte lettlyttbare popriff, som pekte ut veien videre. "Rundt neste sving" ble et passende navn på et prosjekt preget av lyst og overskudd, som ble til mens man skrev.

- Det var nytt og annerledes å arbeide med en produsent som også er låtskriver og komponist. Innspillene hans har bidratt til å skape en nerve og en spenning som jeg tror lytterne vil høre, uttaler Bjørn.

- Tekstene er fulle av dempet håp og reservert fremtidstro. Noe av det vi opplever i livet gjør vondt, og blir ikke som vi har ønsket. Sånn er det for oss alle. Det vi kan håpe på, er at vi både er i stand til å leve med smerter og skuffelser som møter oss, men ikke minst, fryde oss over de lykkelige øyeblikk som måtte komme."



BIBLIOTEKET

Opningstider: Måndag og Onsdag 11.00- 19.00  
Tysdag og Torsdag 11.00 -16.00  
Fredag 11.00 -15.00  
Laurdag 11.00 -14.00

Heimeside: <http://www.surnadal-folkebibliotek.no>

Tlf. 71659301 • Fax. 71659302

E-post: [biblioteket@surnadal.kommune.no](mailto:biblioteket@surnadal.kommune.no)

Totalen filial: Torsdag 18.00-20.00





**Skal du ha besøk av  
venner og familie i mars?**


**Kjempegodt weekend-tilbud på overnatting på Vårsøg Hotell**

Dobbeltrom kr 1145,- pr døgn, inkl. frukost

Enkeltrom kr 945,- pr døgn, inkl. frukost

**Bestill to døgn og få 20% rabatt for begge netter!**

**Ring 71657100 for booking**



Snakk forsikring med oss som kjenner lokalmiljøet.

Våre autoriserte rådgivere tar gjerne en gjennomgang av forsikringsbehovet ditt.



**GJENSIDIGE**  
Surnadal

Besøk oss i AMFI Surnadal

Tlf 03100

[surnadal@gjensidige.no](mailto:surnadal@gjensidige.no)

[www.surnadal-gjensidige.no](http://www.surnadal-gjensidige.no)

| Kulturhuset |      |      |       |                                                                                   |             |       |      |                          |
|-------------|------|------|-------|-----------------------------------------------------------------------------------|-------------|-------|------|--------------------------|
|             | Dag  | Dato | Kl    | Forestilling                                                                      | Sal         | Alder | Tid  | Dette skal eg på (Set X) |
| Veke 9      | Ons  | 2    | 18.00 | Tomme Tønner 2 – Det Brune Gullet                                                 | Kammerset   | 15    | 1.31 |                          |
|             | Ons  | 2    | 20.30 | The Tourist                                                                       | Kammerset   | 11    | 1.43 |                          |
|             | Fre  | 4    | 18.00 | To på rømmen (no. tale)                                                           | Kammerset   | 7     | 1.41 |                          |
|             | Fre  | 4    | 20.30 | The Tourist                                                                       | Kammerset   | 11    | 1.43 |                          |
|             | Søn  | 6    | 18.00 | To på rømmen (no. tale)                                                           | Kammerset   | 7     | 1.41 |                          |
|             | Søn  | 6    | 20.30 | The Tourist                                                                       | Kammerset   | 11    | 1.43 |                          |
| Veke 10     | Ons  | 9    | 18.00 | To på rømmen (no. tale)                                                           | Kammerset   | 7     | 1.41 |                          |
|             | Ons  | 9    | 18.00 | Kammerkonsert med KIN                                                             | Storstuå    | Alle  |      |                          |
|             | Ons  | 9    | 20.30 | The Tourist                                                                       | Kammerset   | 11    | 1.43 |                          |
|             | Fre  | 11   | 18.00 | To på rømmen (no. tale)                                                           | Kammerset   | 7     | 1.41 |                          |
|             | Fre  | 11   | 20.30 | The Next Three Days                                                               | Kammerset   | 15    | 2.13 |                          |
|             | Laur | 12   | 13.00 | Barnas Kulturhusdag                                                               | Heile huset | Alle  |      |                          |
|             | Søn  | 13   | 18.00 | To på rømmen (no. tale)                                                           | Kammerset   | 7     | 1.41 |                          |
|             | Søn  | 13   | 20.30 | The Next Three Days                                                               | Kammerset   | 15    | 2.13 |                          |
| Veke 11     | Ons  | 16   | 18.00 | To på rømmen (no. tale)                                                           | Kammerset   | 7     | 1.41 |                          |
|             | Ons  | 16   | 20.30 | The Next Three Days                                                               | Kammerset   | 15    | 2.13 |                          |
|             |      |      |       | Kinotilbudet vidare i mars blir prega av omlegging. Les side 2 om digitalisering. |             |       |      |                          |
|             | Laur | 19   | 12.00 | Villmarksdag                                                                      | Heile huset | Alle  |      |                          |
| Veke 12     | Tors | 24   | 19.00 | ”Give me 5” med Frode Alnæs                                                       | Storstuå    | Alle  |      |                          |
|             | Søn  | 27   | 19.30 | Bjørn Eidsvåg m/band                                                              | Storstuå    | Alle  |      |                          |

**1.4. UNNI BOKSASP ENSEMBLE. ”KERAMELLO”**  
Vinnarane av Folkelarmprisen for beste arrangerte folkemusikkplate 2010!  
Sjølv om Keramello er namnet på ein gamal geitelokk og ikkje ei obskur nordmørsk dialektform for karamellar, er den nye plata til Unni Boksasp Ensemble Keramello full av nettopp musikalske karamellar. Ikkje berre er melodiane på plata handplukka perler frå den midnorske folkemusikk-arven. Ikkje berre har dei fått raffinerte og fengjande arrangement som gjer dei tilgjengelege og tiltalande for alle slags folk, på alle kantar av landet. I tillegg er dei framført av seks karamellar av nokre musikarar. Landskappleikvinnar Unni Boksasp (song) er frontfiguren i gruppa. I tillegg bidrar Jorun Marie Kvernberg og Olav Mjelva (feler), Magne Vestrum (bass), Trygve Bröske (trøorgel) og Petter Berndalen (perkusjon) på det som til saman blir ei plate Aftenpostens Svein Andersen omtalar slik:  
*Det oser overskudd og spilleglede av Keramello når Unni Boksasp Ensemble slipper seg løs. Dette er humørfylt folkemusikk som gjennom utsøkte arrangementer oppleves som et gedigent festmåltid. Vel er dette folkemusikk fra en nær fortid, men på ingen måte tilårskommen musikk av den grunn. Gruppen er svært lydhør for de minste detaljer i den enkelte sang, og briljerer fantasifullt og sikkert. Sangeren Unni Boksasp og hennes ensemble har kommet opp med et lekent, livsbejaende og fengende album fullt av humør. Dette er musikk det er lett å bli med på, enten i livlig dans eller å stemme i sangen. Man kan også sette seg tilbake og bare nyte artistenet.*

# Mykje å gle seg til

|               |                                                |
|---------------|------------------------------------------------|
| 1.4.          | Unni Boksasp Ensemble. Keramello.              |
| 8.4.          | Surnadal Hornmusikk. Konsert m/gjester.        |
| 30.4.         | Jørgen-kveld.                                  |
| 31.5. – 6.6.  | Utstilling med Kulturskolen på Indre Nordmøre. |
| 9.6. – 12.6.  | Vårsøghelga.                                   |
| 23.6. – 26.6. | Norsk Laksefestival.                           |

## Hotellet

### Ut ein tur?



**Musters Pub:**  
*Plassen for dei uformelle treffa.*  
Smakfulle smårettar i koseleg og lun atmosfære.  
På fredagskveldar har vi 18 – års aldersgrense.  
**12. mars Pubkonsert med Øyvind ”ELG” Elgenes**  
Aldersgrense 20 år.

**Råkk**  
Eigen DJ lagar show med lys og lyd!  
Åpen kvar laurdag.  
18 års aldersgrense.

**Horisonten Restaurant**  
Lyst på ei smakfull oppleving?  
Kom og prøv vår fantastiske klippfisk fra Tustna, eller lammet fra Hitra!  
Vi har matservring kvar dag, og ser fram til å kunna ta imot deg og dine!  
Sjå vår heimeside for menyar.  
A’la carte fra:  
Mandag – torsdag: 18.00 – 22.00  
Laurdag: 18.00 – 22.00  
Søndag: 14.00 – 19.00.

